



Representantar i Fylkestinget
Hordaland fylkeskommune

Uttale til sak 72/2016 Rullering av skulebruksplanen 2017 – 2030:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering. Hardanger har kommunar der undervisningstilbod stadig vert nedlagde og sentralisert. No også forslag nedlegging av tilbodet ved Hjeltnes vidaregåande skule.

Hardangerrådet ser svært negativt på forslaget om å flytta dagens vidaregåandetilbod ved Hjeltnes til Nye Voss vgs utan at det er teke stilling til kva som skal verta ny aktivitet ved Hjeltnes etter flyttinga.

I saksutgreiinga går det tydeleg fram at Hordaland fylkeskommune ikkje har på plass nokon konkret plan for kva bygningsmasse og eigedomar skal nyttast til vidare framover. *Sjå utsnitt av tabell under.*

Skule	Tiltak	Tiltak	
		Blir avvikla	Blir opna
Hjeltnes	Usikker bruk. Ingen investering eller sal av bygg teke med	2017	

Hardangerrådet ser det som svært negativt, ikkje berre for Ulvik herad, men for heile regionen at det vert føreslege nedlegging av undervisningstilbodet utan at ein har gjort gode nok utgreiingar omkring kva ny aktivitet det er mogeleg å sjå for seg på Hjeltnes.

Ein produksjonsskule etter same modell som Hyssingen vil kunne gje Hordaland fylke eit meir komplett tilbod til denne gruppa. Eit bynært produksjonsskuletilbod supplert med eit distriktstilbod vil kunne dekkja m.a. behov for å byggja nye miljø for desse elevane. Ved at Hjeltens har fullverdige internatbygg ligg det vel tilrette for slik etablering. Her må det vera god grunn til å søkja statlege midlar for ny etablering. Oppfølging frå politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen vil vera avgjerande for å få på plass eit distriktstilbod med produksjonsskule på Hjeltnes.

Av saksutgreiinga går det fram:

I hovudsak er høyringsuttalane som er komne inn, i tråd med fylkesrådmannen sitt forslag. Det vert peika på at areal, frukt- og planteressursane ved Hjeltnes vgs er av ein slik kvalitet at det er uheldig å leggje ned det vidaregåande tilbodet.

Hjeltnes vgs må tilførast ny aktivitet og avklaringar må koma på plass før Hjeltnes vgs avsluttar noverande drift i juni 2017.

Kinsarvik 29.06.2016

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt